



Fellesnemnda

## Saksframlegg

---

Sakshandsamar: Jarle Aarvoll  
Arkivsaksnr.: 17/2049-2

---

Arkiv:

### Tilsetjing av mellombels prosjektleiar

#### \* Tilråding:

Rådmennene i kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal får i oppdrag snarleg å avklare kven av dei som skal fungere som prosjektleiar fram til det seinast 01.01.2018 er tilsett ny prosjektleiar/rådmann i Nye Sogndal kommune.

#### Vedlegg:

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn:

Vurdering: ordførarane i Balestrand, Leikanger og Sogndal har drøfta spørsmålet. Skal Fellesnemnda kome tidleg i gang med arbeidet med å etablere den nye kommunen treng nemnda ei administrativ leiing som har det formelle ansvaret for å leggje fram saker for handsaming i nemnda og følgje opp nemnda sine vedtak. Me vurderer det som lite tenleg om arbeidet med samanslåing av kommunane vert utsett i påvente av tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann. Fellesnemnda vil ha trong for administrativ støtte på fleire område i tida framover og arbeidet med å bygge den nye kommunen bør starte etter konstitueringa av fellesnemnda 23. juni 2017. Rådmennene sitt val av mellombels prosjektleiar vil ikkje påverke tilsetjing av prosjektleiar/framtidig rådmann. Grunnlaget for det arbeidet ligg i framforhandla plattform og notatet Fellesnemnd for BLS kommunen.